

# Tusenar seglar igjen

av Frode Grytten

eg er den vanvettige spådomen din
eg er han som drar ørkenbåten med seg over havet
eg er han som seglar gjennom stormen
av røyk og rust og gribbar og journalistar
eg er den rasande vandringsmannen
eg er han som står litt ute til venstre i argentina-drakt
eg er han som stirer opp på helikopteret
der fotografen sit med sitt auge
eg er han som strekker ut hendene
som om eg var kristus
eg er ho som sit midt i båten
på styrbord side med ein gut på fanget
eg er ho du diskuterer på tv og i lunsjpausen
og i parlamentet og i kommentarfeltet
eg er ho du sleppte bomber i hovudet på i 2011
og som du no vegrar deg for å hjelpe
eg er ho du aldri vil innvilge eit morgongry
eg er ho som aldri får kvile
eg er han guten som held i ripa
heilt øvst på bildet
eg er han som har stranda alt før han strandar
eg er han som du vurderer om du skal plukke opp
fordi du er redd eg skal rasere kommuneøkonomien
eg er raudt blekk, eg er ravnens hyl
eg er den menneskelige flamme
eg er han som hiv pusten
mellom fem skotsalver
eg er ho som er nummer 3279 i statistikken din
eg er ho som river dagane ut av livmora
eg er jenta som må tåle vekta av nettene
og daganes endelause venting
eg er kvinna som blir kutta opp av
grensemaskinpistolen din

**såd**: frå *sæde*, frø som ein skal så eller har sådd

**mjølkevegen**: det svakt lysande bandet av stjerner som strekkjer seg over himmelen

**tuareger**: eit berbisk folk i det nordlege Afrika

**tutsier**: folk som held til i Aust-Afrika, særleg i Rwanda og Burundi

**berbarar**: opphavleg arabisk *barbar* av *barbara* 'tale ugreitt' eller kanskje same opphav som barbar, urfolk i Nord-Afrika

eg er mannen som speidar etter horisontens såd
eg er han som hører gekkoen og geita
og kaias stønning
eg er han som flengar verda di open
eg er mannen på marsj
vi er dei tusenar som seglar igjen
vi er dei tusenar av skuggar som kjem
susande inn i mjølkevegen din
vi er dei som har reist frå denne nasjonen
full av skrot og blod og patronhylser
vi er atten, vi er sekstiåtte, vi er fire
vi er trettito, vi er tjuesju, vi er tolv
vi har namn, vi heiter noko alle saman
vi heiter frank og cilla og amin og hajj og mustafa
vi er tuareger vi er tutsier vi er berbarar
vi er dei tusenar som seglar igjen
vi er dei som har brukt alle sparepengane for å
krysse fornufta eller hamne i ein likpose made in china
vi er dei som blir knust mot morgongryet
vi er dei som hylar om vi i horisonten
oppdagar eit øyre som orkar å høre
vi er dei som er gått tom for bensin
vi er dei som bare ber om å få leve
vi er dei tusenar som seglar igjen

## OPPGÅVER

1. Kven er «eg» og «du» i diktet? Forklar og vis med eksempel.
2. Gjentaking er det mest sentrale verkemiddelet i diktet. Gjer greie for verknaden det har, og vis med eksempel.
3. Kva meiner du er bodskapen i diktet? Grunngi svaret ditt og vis gjerne til eksempel frå diktet.
4. Forklar kva verknad pronomena «eg» og «du», og «vi» og «dei» har i diktet. I kva grad fungerer dette som eit verkemiddel for å få fram bodskapen?
5. Vel ein av eg-personane i diktet og skriv ei forteljing om ho eller han.